

VER MED I DEBATTEN:
redaksjon@morenytt.no

Lag og organisasjoner er velkomne til å kome med stoff og informasjon.

Debattinnlegg og lagsstoff må vere inne til kl. **10.00** dagen før avisas kjem ut. Korte innlegg vert mest lest. Innlegg kan verte korta og redigert.



• folkestad for folket

Rasmus Mesias og hjelpevergen Rolf sat og åt kjøtkaker i stova hans. Det var Fjordland, Rolf nekta framleis å smake maten til den nye asiatiske sambuaren han ikkje kunne namnet på. Han kalla henne berre for Gjertrud. Ho sat i ein stol og broderte på ein hund.

– Det er vel ei lausbikkje dette, sa Rolf med utesetteme og sende ei snårklyse på bordet.

– Er du racist, Rolf, spurde Rasmus som hadde moldete fotballsko på stovebordet.

– Du kan kalle det kva du vil, men eg likar ikkje svarringar som kjem hit til landet og går til dekka bord.

Rolf reiste seg og tok sats.

– Få dei ut av landet!

Han banka nøven i bordet og kaffikoppen kolva og gjorde den kvite duken brun.

– Likar du ikkje ein einaste neger, spurde Rasmus med fingeren i nasen.

– Nei, eg likar ikkje svenskar ein gong.

– Kvifor ikkje?

– Ikkje spør så dumt, ein utlending er ein utlending.

Rold rulla ein røyk frå den rauda pakken. Han bles så hardt gjennom nasen at blomstrane skalv.

– Men Rolf, ho er no utlending ho her dama di? Rasmus stappa den siste kjøtkaka i kjeften og gorpa godt.

– Nei, nei, ho Gjertrud kan du ikkje rekne med, ho ek-sisterer ikkje. Eg ser på ho litt som bruk og kast, og ho er steike god på hobbyrommet, ikkje sant Gjertrud, gaula Rolf med kjøtkaker mellom tennene. Ho reager-

te ikkje.

– Du veit det Rasmus, vi må aldri lære slike norsk, til mindre dei kan, til betre er det. Det viktigaste er at vi kan bruke dei best mogleg. Du skal sjå det ikkje er så lenge til at ho Gjertrud klarar å lage skikkeleg middag, til og med kams, ikkje sant, Gjertrud?

Dama keik opp frå brodet og smilte. Rolf spyttar måd på golvet.

– Nei, Rasmus, du må hugse det at snart er heile landet vårt fylt opp av apekattar som kjem hit som parasittar og med bombebelte som skal sprengje oss til pisces. Det er jo ikkje råd å tauren ut før du ser ein svarring som sit og drikk kaffi medan andre folk, skikkelege folk som oss, jobbar og står på. Eg vurderer å starte mitt eige parti og kalle det «Kvitt», sa Rolf og smilte.

Han hadde eit år stilt på Frp si liste til kommunevallet, og visste ikkje at han hadde vorte valt til tredje vara før han ein dag fekk melding om å møte i kommunestyret. Men då han i kommunestyresalen hamna ved sidan av ein farga representant, hadde Rolf blånekta og skulda på kvitlauk-lukt. Han hadde løfta representanten og plassert han bakarst i salen med klar melding om at han berre ikkje måtte kome her og tru han hadde talerett. Det enda med utvising av Rolf som hadde brølt så høgt at sekretären for møtet vart sjukmeld og fekk tinnitus.

Rolf reiste seg og vinka på Rasmus.

– Vi tek oss ein loftar. Eg kjenner eg må lofte haudet. På veg ut slo han haudet i lysekrona og gjekk i golvet. Rolf ynka og bar seg.

– Er det låkt, Rolf, spurde Rasmus som stod over han utan å gjere noko. Gjertrud kom med ein kald vaskeklet. Rolf blødde, og hadde fått ein kul på storleik med ei lita krumkake. Rasmus lirkar fram mobilen og ringde legevakta. Han drog Rolf ut i bilen og tok laus sjølv om sertifikatet var inndrege. Då legen opna døra, fekk Rolf sjokk: Framføre han stod ein farga mann i kvit frakk.

– Ein medisinmann, Rolf, ein ekte ein, sa Rasmus og lo.

folkeliv

tips oss: redaksjon@morenytt.no - 700 41 900 - les oss på nett: www.morenytt.no

• bibelord | ANNE-LISE AURE

Enn står Jesus og banker, enn går Jesus og sanker, ennå kaller han, ennå leter han, ennå søker han deg. Trette sjel, å kom, fra villsom vei vend om! Jesus gir deg hvile, trette sjel, å kom!

Du hos ham finner hvile, enn til han du kan ile, ennå frelser han,

På tide å dra heim!

Oberstleutnant om Syria:
«Det er uklokt og lite gjennomtenkt av Norge å støtte syriske opprørarar.»

Vedtaket om å forlenge Noreg si deltaking i Syria-krigen til april 2018 vart i år gjort utan debatt (og ettertanke?) i Stortinget. (Senterpartiet og SV gjekk imot å sende norske soldatar til Jordan i fjor.)

Oberstleutnant Tormod Heier ved Forsvarets høgskole uttaler i samband med vedtaket i Stortingenet no til NTB, at det er uklokt og lite gjennomtenkt av Norge å støtte syriske opprørarar.»Vi har ingen garanti for at soldatene vi trener, ikke bryter folkeretten eller bidrar til å destabilisere den delen av Syria som rommer 80 prosent av befolkninga (regjeringsskontrollerte område), der forholda er relativt stabile,» seier oberstleutnant Heier vidare.

Hedda Langemyr ved Norges Fredsråd seier til NTB (Norsk telegram-byrå) at Norges militære bidrag er folkerettslig svakt, det finst ingen FN-resolusjon som opphevar Syrias suverenitet over eigne grenser, anna enn i forhold til humanitær hjelp. (–) «og vi vet ikke hvilke grupper Norge trener», hevdar Langemyr vidare.

Min kommentar og forsøk på analyse er slik:
USA taper på at Syria ikkje vil la dei bygge ei gassleidning gjennom landet. Men medlems-landa i Nato er ikkje forplikta på å støtte andre medlemsland, anna enn i tilfelle militære åtak.

No misbrukar USA Nato-organisasjonen, dei bruker den overlege militærmakta si på å presse gjennom sine økonomiske interesser. Norge har olje og gass- og kvalifikasijsjonar sjølv, vi treng ikkje vere undersattar på denne måten. Polikarane i Stortinget tenkjer heller ikkje på situasjonen til den norske avdelinga som no er hardt pressa inne i Syria.

Det er på tide å dra heim.

KARI FJØRTOFT, MEDLEM I RAUDT

●● Fyrstasjonen
på Runde er en av
landets eldste



FYR: Den 2. september blir det markert at det er 250 år siden det første kullfyret ble tent på Runde.

RUNDE FYR 250 ÅR

Fyrjubileum på Runde

Den 2. september markeres det at det er 250 år siden det første kullfyret ble tent på Runde. Mar-

keringen finner sted på selve fyrstasjonen, der det blir både gratiskonsert med Ola Bremnes og Runde blandakor, historiefortelling og scener fra Rundaspelet.

– Ola Bremnes er blant annet kjent for sangen «Har du fyr», som langt på veg er en hyllest til fyrene, og ei skildring av hvor viktig de er for dem som ferdes på havet. Så det er kanskje bare rett og rimelig at vi inviterer nett-opp han til en slik markering, smiler regiondirektør Harald Tronstad i Kystverket Midt-Norge.

Bremnes har med seg gitaristen Tore Bruvoll fra Hekla Stål-strenga, bandet som kanskje har den mest kjente versjonen av sangen «Har du fyr». Under markeringen på Runde har de også

med seg Runde Blandakor på denne sangen. Koret vil i tillegg vil servere egen opptrerden og allsang, samt at Guri Aasen og Harald Runde vil bidra med historie og skildring av hendelser. To scener fra Rundaspelet vil også bli presentert for publikum. Det hele sys sammen av programleder og historiker Ole M. Ellefsen.

Det er med andre ord et allsidig familiearrangement denne dagen

– gratis for alle som tar turen fra Goksøyra og over til fyrstasjonen. En tur på cirka 3,8 kilometer på god og tilrettelagt sti.

– Fyrstasjonen på Runde er en av landets eldste, og har ei lang og tidvis dramatisk historie. Samtidig er det en fyrstasjon som den dag i dag er godt besøkt, og som er tilgjengelig for folk flest gjennom å være selvbetjeningshytte for Ålesund og Sunnmøre Turistforening. Da sier det seg selv at vi må slå på stortromma og invitere til ei storstilt markering, presiserer Tronstad.

For dem som ikke er helt orientert om hvor Runde fyrstasjon ligger, så kan vi fortelle at den ligg på øya Runde i Herøy kom-